

INNHALDSFORTEGNELSE

Rev. 06.01.2012.

1. Brannvernssamarbeid	4
1.1 Generelt.....	4
1.2 Beredskapsområder for Lindås og Meland brannvern.....	4
1.3 Samarbeid om felles førebyggjande avdeling.....	4
1.4 Kommunedata.....	5
1.5 Brannrisiko og innsatstid.....	6
1.6 Samarbeidsoppgåver.....	7
1.7 Bemanning. Administrativt tilsett personale.....	7
1.8 Planar/rapportering.....	7
1.9 Internkontroll.....	8
1.10 Instruksar.....	8
2. Organisering. Førebyggjande avdeling	8
2.1 Førebyggjande.....	8
2.2 Feiing.....	8
3. Organisering av beredskapan	8
3.1 Samarbeidsoppgåver.....	8
3.2 Brannstasjonar.....	8
3.3 Naudmeldingsmottak og alarmering.....	9
3.4 Samband.....	9
3.5 Innsatstider.....	9
3.6 Leiging.....	9
3.7 Særskilte avtalar om hjelp- og utrykningsplikt.....	9
3.8 Reserverstyrker – skogbrann.....	9
3.9 Utskriving av mannskap.....	9
3.10 Øvingar.....	10
4. Dimensjonering av beredskapan	10
4.1 Dimensjoneringsgrunnlag.....	10
4.2 Mannskap.....	10
4.3 Overordna vakt.....	11
5. Utrustning	11
5.1 Personleg vern.....	11
5.2 Materiell.....	11
6. Opplæring og kompetanse	13
6.1 Fagplanar.....	13
7. Godkjenning og oppseiling av brannordninga	13
8. Vedlegg til brannordninga	
8.1 Vedlegg 01 Samarbeidsavtale.	
8.2 Vedlegg 02 Kartlegging og registrering av risiko.	
8.3 Vedlegg 03 – 06 Kart grunnlag	
8.4 Vedlegg 07 Avtale mellom Lindås og Meland brannvern og Bergen Brannvesen	
8.5 Vedlegg 08 Avtale mellom Lindås og Meland brannvern og Statoil Mongstad	
8.6 Vedlegg 09 Avtale mellom Lindås og Meland brannvern og Radøy kommune	
8.7 Vedlegg 10 Avtale mellom Lindås og Meland brannvern og Sivilforsvaret	
8.8 Vedlegg 11 Statistikk dokument	
8.9 Vedlegg 12 Instruksar	

- 8.10 Vedlegg 13 NGIB AVTALE 2012 9 kommunar
- 8.11 Vedlegg 14 Opplæringsplan
- 8.12 Vedlegg 15 Delegasjonsavtale

Brannvernssamarbeid

1.1. Generelt

Samarbeidet om brannordninga er heimla i § 9 i brannlova.

Denne brannordninga omfattar alt areal innafor grensene til kommunane Lindås og Meland. Beredskapen innafor Statoil Mongstad sit område i Lindås kommune vert ivareteke av eige brannvern jfr. eige avtale.

Brannordninga omfattar, felles brannsjef, førebyggjande brannvern,beredskap og feiing.

For førebyggjande brannvern er det oppretta eigen avtale mellom kommunane Lindås , Meland , Austrheim, Gulen, Masfjorden ,Modalen, Radøy og Solund og Fedje.(vedlegg).

Brannordninga etter denne avtalen gjeld berre mellom Lindås og Meland.

Brannordninga er organisert etter vertskommuneprinsippet etter kommunelova § 28b der Lindås kommune er vertskommune.

Fordeling av kostnadene (drift og investering)skjer etter folketal pr. 01.01 for gjeldande budsjettår og med avrekning basert på rekneskap etter budsjettåret sin ende.

Investering skal vertskommunen ha ansvar for, men avskrivning dvs.avdrag og renter på lån av investeringane skal fordelast etter fordelingsnøkkelen.

Alle arbeidsoppgåver med beredskap og feiing heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningsliner er for Meland kommune sin del delegert til Lindås kommune. Det same gjeld andre beredskapsoppgåver som brannvernet vert nytta til slik som trafikkulukker, drukningsulukker, leiteoppdrag, olje/kjemikalievern m.m.

1.2. Beredskapsområder for Lindås og Meland brannvern

Brannvernregionen er delt opp i 2 brannvernområder der Knarvik brannstasjon er hovedbrannstasjonen for heile regionen, mens Lindås brannstasjon ivaretek Lindås brannvernområde. Grensene mellom dei to områda går fram av kartvedlégget(vedlegg 6) til brannordninga.

1.3 Samarbeid om felles førebyggjande avdeling

Samarbeid om felles brannførebyggjande avdeling omfattar kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund og Modalen. Dette samarbeidet blir regulert i eigen avtale.

1.4 Kommunedata

Lindås og Meland

Hovudtal **Tabell 1.4.1.**

Areal	557 km ²
Folketal pr. 01.01.11	21604
Industriarbeidsplassar	Ca. 1650
Skogareal	170 km ²

Tettstader **Tabell 1.4.2.**

Namn på tettstad	500-2000 innb	2000-8000 innb
Lindås	1900	
Knarvik/Alver/Flatøy/Frekhaug		9000

Særskilte risikogrupper **Tabell 1.4.3.**

Objekt	Sted	Innsatstid frå Lindås brannst.	Innsatstid frå Knarvik brannst.
Lindåstunet	Lindås	10	30
Lindås bu og service senter	Lindås	10	30
Lindås butikksenter	Lindås	10	30
Lindås hotell	Lindås	10	30
Industriomr. Mongstad sør	Mongstad	15	40
Knarvik sjukeheim	Knarvik	30	10
Såta sjukeheim	Knarvik	30	10
Alver hotell	Alversund	30	10
Knarvik butikksenter	Knarvik	30	10
Knarvik industriomr.	Knarvik	30	10
Dalsgrend industriomr.	Dalsgrend	25	25
Eikefet industriomr.	Eikefet	35	30
Eikefetstunnelen	Stall/Eikef.	35	30
Meland sjukeheim	Frekhaug	35	10
Nordhordland folkehøgskule.	Frekhaug	35	10
Industriområde	Flatøy	35	10
Industriområdet Mjåtveit	Frekhaug	35	10
Frekhaug senter	Frekhaug	35	10
Meland Aktiv	Frekhaug	35	10
Meland rådhus	Frekhaug	35	10
Industriområde Hjertås	Hjertås	40	15
Rosslund senter	Vikebø	50	20

Særskilde risikoobjekt Lindås kommune **Tabell 1.4.4**

Lindås kommune	
A objekt	87 stk
B objekt	18 stk
C objekt	1 stk
Totalt	106 stk

Særskilde risikoobjekt Meland kommune **Tabell 1.4.5**

Meland kommune	
A objekt	43 stk
B objekt	7 stk
C objekt	2 stk
Totalt	52 stk

1.5 Brannrisiko og innsatstid

Den største brannrisikoen i både kommunane er konsentrert i og omkring dei største tettstadane, Knarvik /Alversund / Frekhaug og Lindås. I desse tettstadane ligg og brannstasjonane og beredskapspersonellet skal rekrutterast i rimeleg nærleik til desse. Innsatstida til desse områda må seiest å vere bra med tid på 10-15 min, der dei største brannrisikoobjekta ligg innafor ei innsatstid på om lag 10 min.

I dei øvrige områda er det meir spreidd utbygging med mindre tettstadar. Vegstandaren på hovudvegane i desse områda er bra og størstedelen av desse områda vert dekkja innafor ei innsatstid på om lag 35 min.

I den nordaustlegaste delen av Lindås og nordre del av Meland vil innsatstida koma opp i om lag 45 min.

Etablering av spesielle brannobjekt i desse områda vil innebera ei vurdering av ein lokal brannberedskap.

Ein kvar innbyggjar har krav til bistand ved akutte situasjonar uavhengig av kommunegrensa. Dette vil føre med seg fleire utrykningar over kommunegrensa mot Bergen.

Adresser rundt Steinestø – Salhus – Hordvik og Hylkje er områder som Lindås og Meland Brannvern vil måtte bli utkalt til etter anmoding frå Bergen Brannvesen eller 110 sentralen direkte.

Regionen har svært stor transport av farleg gods på veg og sjø særleg til og frå Statoil sitt raffineri på Mongstad, men og til forsyningsbasen for offshoreindustrien på Mongstad sør og gjennomgangstrafikk som følgje av Nordhordlandsbrua og nye tunnelar på vegen til Sogn. Med brannstasjon i Knarvik og Lindås vil innsatstida ved uhell på veg til og frå Statoil Mongstad vera mellom 10-15 min.

Underlaget for risikokartlegginga og dei konsekvensreduerande tiltak som er vedteke gjennomført framgår av vedlegg 02

1.6 Samarbeidsoppgåver

Denne brannordninga omfattar følgjande oppgåver:

Alle ansvarsområder heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningslinjer:

Ulykker:

First responder teneste (helse)

Oljevern:

Beredskapsutrustning

Opplæring og kompetanse:

Feiing og tilsyn med bustader

Førebyggjande avdeling er regulert i særskild avtale.

1.7 Bemanning.

Administrativt tilsett personale.

Brannsjef, felles for begge kommunane	1 årsverk
Varabrannsjefs funksjon ivaretaast av ein avdelingsleiarane	
Avdelingsleiar beredskap	1 "
Avdelingsleiar førebyggjande	1 "

Beredskapavd.

Brannkonstabler / Utrykningsleiarar	5 "
-------------------------------------	-----

Brannførebyggjande avd

Branninspektører / Ingeniører	3 "
-------------------------------	-----

Feiaravd.

Feiarformann	1 "
Feiarsvennar	3 "
Feiar lærling (etter behov)	(1) "

Totalt tal årsverk:	15 Årsverk. + (1)
---------------------	-------------------

1.8 Planar/rapportering.

Brannsjefen skal innan utgangen av kvart år utarbeida ein plan over brannverntiltak for neste år. Planen skal leggjast fram for kommunestyret i kommunane innan utgangen av februar kvart år.

Vidare skal det ved årskiftet utarbeidast ein årsrapport for heile avdelinga.

Planar og årsrapportar skal arkiverast i tilknytning til brannordninga som vedlegg

Brannsjefen skal i naudsynt omfang utarbeida eller samordna beredskapsplanar

Brannsjefen skal naudsynt utarbeida innsatsplanar for større risikoobjekt.

1.9 Internkontroll.

Det er etablert internkontrollsystem i brannvernet som skal sikra at alle krav til helse, miljø og tryggleik vert sletta.

Dette inneber systematisk tiltak som m.a. skal medføra at:

- Tryggleiken til personellet vert ivareteke
- Alt personell vert legeundersøkt kvart år
- Brannvernet ikkje påfører annen person skade.

1.10 Instruksar

Leiar og mannska er underlagt instruksar/retningsliner som sikrar at brannvernet sine plikter etter brannlovgevinga vert stetta (vedlegg 12).

2. Organisering av førebyggjande arbeid

2.1 Førebyggjande

Avdelinga er organisert i eigen avtale.(vedlegg 13).

2.2 Feiing

Feiarstellet er ein del av Lindås og Meland sitt lovpålagde brannførebyggjande arbeid og skal vera slik bemanna at feiing og tilsyn vert utført i samsvar med " forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn" av 01.07.02.

3. Organisering av beredskap

3.1 Samarbeidsoppgåver

Dette omfattar:

- Brannslukking og utrykning til ulykker og oljevern.
- Assistanse til kommunaltekniske akutte hendingar i kommunane.
- Beredskapsutrustning
- Opplæring og kompetanse.

3.2. Brannstasjonar

Innafor brannvernregionen skal det vera:

- Ein hovudbrannstasjon plassert i Knarvik område.
- Ein lokalstasjon plassert på Lindås for Lindås brannvernomsråde.

3.3. Naudmeldingsmottak og alarmering

For varsling av brann, ulykker og oljevern innafør heile regionen kan dette meldast over telefon 110.

Regionen er tilslutta internkommunal varslingsentral(Bergen) som varslar befal og mannskap ved personsøkjar. (gruppealarm – Lindås og Knarvik og fullalarm begge stasjoner) Lindås og Meland brannvern vert også varsla frå AMK Bergen eller Nordhordland Legevakt ved hendingar der 110-sentralen ikkje er varsla som førsteinstans(redningsalarm t.d bilulykker)

For varsling av uhell, skadar, brot m.v på dei kommunaltekniske anlegga for vatn, avlaup og veg utanfor normal arbeidstid kan dette varslast til vakthavande brannsjef.

Den enkelte kommune skal i så fall inngå eigne avtaler om dette.

Akutte hendingar der det er fare for liv og helse skal alltid først varslast via 110 sentralen.

3.4. Samband

Beredskapen sitt samband inngår i det fylkeskommunale/kommunale radionettet som felles for brann-og helsetenesta.

Sambandet er tilknytt Hordalandsmodellen inntil det nye naudnettet tar over for heile landet.

3.5 Innsatstider

Innsatstidene til særskilte risikogrupper går fram av tabellane under Pkt. 1.4. Kommunedata. tabell 1.4.3.

Frå dei næraste brannstasjonane til slike risikoobjekt varierar innsatstida frå 10-15 min. Dei største tettstadane i baa kommunane ligg og innafør desse tidene.

For nordaustre del av Lindås og nordvestre del av Meland vil innsatstida variere mellom 15- og 35 min og for områda lengst nordaust i Lindås vil innsatstida koma opp i 45 min.

3.6 Leiing

Brannvernet si leiing under innsats vert ivareteke av brannsjefen eller den som, av brannsjefen, vert gjeve mynde til å føra kommando på hans vegne.

3.7 Særskilte avtaler om hjelp-og utrykningsplikt.

Brannvernregionen har inngått beredskapsavtalar med:

- Bergen brannvesen
- Hordaland sivilforsvarkrets
- Radøy brannvern
- Austrheim brannvern
- Masfjorden brannvern

I tillegg har Lindås kommune eigen beredskapsavtale med Statoil Mongstad.

Avtalane er ein del av denne brannordninga (vedlegg 7 til og med 10).

3.8. Reservestykker-skogbrann

Det er inngått avtale med Sivilforsvaret sin FIG gruppe.

FIG gruppa vert rekvirert av vakthavande brannsjef.

3.9. Utskriving av mannskap

For rekruttering av personell til dei oppgåvene denne beredskapen omfattar gjeld §. 17 i brannlova.

3.10. Øvingar

Brannvernet skal utarbeida årleg øvingsplanar som sikrar at leiarane og mannskapa får øving nok til at kompetansen kan vedlikehaldas og utviklast til å kunna løysa alle dei oppgåvene som brannvernet skal ha beredskap for.

Opplæring og øvingar skal stetta krav i "Forskrift om Organisering og Dimensjonering av Brannvern" Kap 7.

4. Dimensjonering av beredskapen

4.1. Dimensjoneringsgrunnlag

I dimensjoneringsgrunnlaget skal det i tillegg takast omsyn til tettstadstrukturen, folketal i desse, innsattid ein del risikoobjekt og kartlagt risiko for regionen.

Kassernert dagvakt.

Med ein tettstad på over 8000 innbyggjarar skal det vera kassanert dagvakt. Den kassanert dagvakta er fast tilsett personell på heiltid.

Tettstaden Knarvik/Alver/Flatøy/Frekhaug har om lag 9000 innbyggjarar og har derfor krav om kassanert dagvakt. Jmf. Dimensjoneringsforskriften § 5-3

4.2. Mannskap

Med grunnlag i Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 5-3 og kartlagt risiko, vert beredskap organisert med kassernert dagvakt med følgjande personell:

- 1 utrykningsleiar
- 1 sjåfør mannskapsbil
- 2 røykdykkarar
- 1 sjåfør tankbil

Samtlegé tilsette i brannvernet skal til ein kvar tid oppfylle krav om kompetanse, satt i Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 7.berdskap.

Utanom dagtid vert beredskapen organisert i vaktlag, med deltidspersonell med fast vaktordning slik:

Heiltidstilsette skal så langt som mulig inngå i beredskapen etter normal arbeidstid.

Vaktmannskapa med stilling i beredskap organiserast med 5 delt vaktordning

Knarvik brannstasjon.

5 lag der kvart lag utgjer:

- 1 utrykningsleiar (fast tilsett)
- 1 sjåfør mannskapsbil
- 2 røykdykkarar
- med tillegg av:
- 1 sjåfør tankbil

Totalt 5 personar pr. vaktlag.

Totalt 25 personar tilslutta Knarvik stasjon.

Lindås brannstasjon

5 lag der kvart lag utgjør:

- 1 sjåfør
- 2 røykdykkarar

Totalt 3 personar pr. vaktlag

Totalt 15 personar tilslutta Lindås stasjon

Dersom det gjerast vedtak om etablering av høgderøiskap / snorkel uløyser dette krav til ekstra bemanning Jmf dimensjoneringsforskriften § 5-2.

4.3. Overordna vakt

Overordna vakt etter normalarbeidstid organiserast som 5 delt vaktordning på lik linje med vaktmannskapa.

Brannsjefen og varabrannsjefen skal inngå fast i denne, Jmf Dimensjoneringsforskriften § 5-6, 2 ledd.

Andre som inngår i denne vaktordninga har same krav til utdanning som brannsjefen.

Totalt 1 person pr vaktlag

Totalt 5 personer

Beredskaps avdelinga tel til saman 45 personar, i tillegg kommer vikarar etter behov.

5. Utrustning

5.1. Personleg vern

Alt personell skal i innsats nytta utlevert vernebekledning.

All vernebekledning skal til ein kvar tid være godkjent.

Ved røykdykkar og kjemikaliedykkainnsats skal det nyttast fullstendig åndedrettsvern.

Ansvar for at dette vert nytta ligg hos den enkelte i samarbeid med leder beredskap og verneombod.

Det er også innført rutine for egen HMS-funksjon ved store innsatsar. Den funksjon opprettast av vakthavande befal i kvart einiskild til høve.

5.2. Materiell

5.2.1 Brannstasjonar

Knarvik brannstasjon:

1 stk. brannbil (bil1) med 2500 l vasstank, 200 l skumtank, pumpe-3000 l/min. og vinsj for hurtig frigjøring.

1 stk. brannbil (bil 4) (Farleg gods) Diverse EX sikkert utstyr og pumper.

1 stk vanntankbil (bil 3) 10000 liter, 300 liter skumtank, pumpe – 3000 l/min
 og vinsj for hurtig frigjøring.
 1 stk.Fox tilhengarpumpe-3000 l/min.
 2 stk. Ottar pumpe-/800 l/min.
 1 stk.Honda pumper-400 l/min.
 1 stk EL lensepumpe 400 l/min
 1 stk EL slam pumpe 600 l/min
 5 stk strømagregat frå 2 til 5,5 Kw
 2 stk Frigjøringsutstyr type Holmatro (spreder, saks og avstemplingsjekk)
 9 stk røykdykkarapparat m/sambandsutstyr komplett.
 5 stk reserve røykdykkerapparat komplett.
 Skumutstyr.
 Slangemateriell. Om lag 1500 m.
 Sambandsradioer ca 20stk.
 1 stk Redningsbåt 10 fot m/ 15 hk
 1 stk Redningsbåt 21 fot m/ 200 hk vannjett
 4 stk akuttsekker komplett
 4 stk O2 sekker komplett
 1 stk hjertestartar

Lindås brannstasjon.

1 stk. brannbil (bil 2) med 2500 l vasstank og pumpe-3000 l/min, og vinsj for hurtig
 frigjøring.
 1 stk. Fox tilhengarpumpe-3000 l/min.
 1 stk. pumpe-800 l/min.
 1 stk. pumpe-400 l/min.
 4 røykdykkarapparat m/sambandsutstyr.
 3stk agregat frå 2 til 5,5 Kw
 Sambandsradioer ca 10 stk
 Skumutstyr.
 Slangemateriell. Om lag 1500 m 65 mm og rundt 100 m 38 mm. Til saman 2500 m.
 1 stk Redningsbåt 10 fot m/ 9,9 hk

5.2.2. Utstyr til akuttforurensning og miljø skader

300 m lette hamnelenser.
 200 m absorberande lenser
 1 stk. oil-mopp (interkomm.)
 Diverse lettare oppsamlingsutstyr
 1 Redningsbil (bil 4) / farleg gods IUA
 Gassmålingsutstyr

6. Opplæring og kompetanse.

6.1. Fagplanar

Leiar og mannskap skal gjennomføra opplæring som tilfredstiller dei krav som føresegnene om organisering og dimensjonering stiller (Kap. 7), samt den opplæring ut over dette som er naudsynt for å gjennomføra særskilde oppgåver som er tillagt brannvernet.

Det er utarbeida ein utdanningsplan som opplæringa skal gjennomførast etter (vedlegg 14). Opplæringsplanen skal reviderast av brannsjefen min ein gong i året og takast med i budsjett planane

7. Godkjenning og oppseiing av brannordninga.

Kommunestyra i baa kommunane skal godkjenne og kan gjere endringar i denne brannordninga.

Brannordninga skal reviderast min kvart 4 år, første gong innan utgongen av 2015.

Brannordninga kan seiast opp av partane innan 1.jan. og med 2 års varsel.

Knarvik, _____

Frekhaug, _____

Ordførar i Lindås

Ordførar i Meland

Astrid Århus Byrknes

Nils Marton Aadland

SAMARBEIDSAVTALE

Avtale om felles brannvesen , beredskap og feiing mellom Lindås og Meland.

1. Vertskommunesamarbeid.

Felles brannvesen, beredskap og feiing for Lindås og Meland er oppretta som vertskommunesamarbeid utan nemnd og etter Kommunelova § 28b.

Namnet skal vera Lindås og Meland Brannvern.

Meland er deltakarkommune. Folketal pr. 01.01.10 6.965 personar

Lindås er vertskommune. Folketal pr. 01.01.10 14.639 personar.

Til saman 21.604 personar

Fordelingsprosent: Lindås 68 % Meland 32 %

2. Føremålet med samarbeidet.

Føremålet med samarbeidet med felles brann og feiarvesen er å sikre ein best mogeleg beredskap innafor brann, ulukker og akutt forureining og best mogeleg teneste innafor feiing Alt innafor dei ressursar som samarbeidet rår over.

3. Oppgåver og ansvarsmynde.

Lindås og Meland Brannvern skal gjennomføre alle oppgåvene som kommunane er pålagd etter Brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande føresegner og rettleiarar slik som det går fram av felles brannordning.

Brannsjefen rapporterar til rådmannen ved einingsleiar i Lindås kommune. Kommunestyret i kvar av dei deltakande kommunar delegerer dei fullmakter som er tillatne delegert etter aktuelt lovverk til Brannsjefen i Lindås Kommune.

4. Organisering, dimensjonering og lokalisering.

Brann- og feiarvesenet vert organisert som eigen avdeling under eining for Teknisk drift i Lindås kommune.

Organisasjonen sin administrasjon er lokalisert til brannstasjon i Knarvik.

Brannsjefen har ansvar for budsjett og dagleg leing av organisasjonen.

Lindås kommune har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Brannsjefen utøvar personalansvar på vegne av einingsleiar for alle tilsette.

Lindås og Meland Brannvern vil få stillingsheimlar i samsvar med brannordninga.

5. Økonomiske tilhøve.

Brannsjefen skal utarbeide budsjett og har ansvar for at vedtekne budsjett vert gjennomførte. Grunnlaget for budsjetter er alle utgifter og inntekter som må til for at brannordninga skal gjennomførast.

I tillegg skal husleiger, kostnader med støttefunksjonar til administrativ drift samt alle andre driftskostnader relatert til ansvarsområdet takast med.

Alle investeringskostnader skal finansierast av vertskommunen. Feiarvesenet skal dekke sine kostnader med gebyr Jfr Lov om brannvern § 28. Gebyra skal reknast etter sjølvkost for feiarvesenet . Gebyra skal fordelast likt på kvar godkjend skorstein i kommunane. Gebyret vert såleis like store i kommunane.

Vertskommunen får og fullmakt til å fastsette gebyr og krevje desse inn frå deltakarkommunane.

Fordeling av kostnadene for samarbeidet skal skje etter folketalet basert på folketalet 01.01. i budsjettåret.

Vedlegg 01 SAMARBEIDSAVTALE

Rekneskapet for samarbeidet skal først særskild med eige ansvar etter kommunerekneskapet. Ved overskot/underskot for samarbeidet skal dette medtakast i neste års budsjett.

6. Informasjonsmåte.

Rådmannen i vertskommunen informerer rådmann i Meland om naudsynte saker. Dette kan skje i rådmannsmøta eller på anna måte.

7. Opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet.

Etter søknad kan andre kommunar søke om deltaking i dette samarbeidet. Deltaking må skje etter drøftingar mellom kommunane der og ny felles brannordning må utarbeidast.

8. Sal av tenester.

Organisasjonen skal ha høve til å selje tenester innafor sitt område. Inntekt av tenestene skal først i rekneskapet for organisasjonen. Sal av tenester må ikkje kome i strid med "Lov om off. anskaffelser." Prising av tenestene skal skje etter vanleg forretningsmessige prinsipp. Betaling av tenester må ikkje vera i strid med gjeldande regelverk vedk. lovpålagde tilsyn m.m.

9. Avvikling av samarbeidet.

Avtala gjeld frå 01.01.2012 og gjeld til ho blir oppsagd. Kvar av deltakande kommunar kan seia opp avtalen med 2 års varsel. Deltakarkommunen vil då gå ut av samarbeidet 1. januar etter at oppseingstida er over.

Ved mogleg opphøyr av avtalen skal verdiane i organisasjonen fordelast i samsvar med den investering den enkelte kommune har ytt.

10. Tvisteløysing.

Dersom det oppstår usemje om korleis avtala og samarbeidet vert å forstå, skal ein søkje å finne løysningar ved tingingar. Når ein ikkje fram med med tingingar, skal det oppnemnast ei nemnd der kvar kommune har sin representant og ein felles nøytral domsmann t.d. lensmann til å freiste finne ei løysing ved valgift.

Denne avtala er godkjend med kommunestyrevedtak i kvar kommune.

Lindås den.....

.....
Rådmann i Lindås

.....
Rådmann i Meland

DELEGASJONSAVTALE

i samband med samarbeidsavtale om felles brannvesen, beredskap og feiing mellom kommunane Lindås og Meland.

Synar til sak om administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunane om brannvern, beredskap og feiing, godkjent i kommunestyra i dei deltakande kommunar.

Med tilvising til kommunelova § 28b blir følgjande oppgåver og avgjerdsmynde overført til Lindås kommune v/rådmann frå oppstart av ny brannordning i 2012.

Lindås og Meland brannvern utfører alt ansvar, rettar og plikter som kommunane er pålagt etter "Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova)".

I tillegg skal Lindås og Meland brannvern utføre alt ansvar, rettar og plikter som kommunane er pålagt etter forureinings lova vedk. oljevern og oljevernberedskap, samt utføre og ha ansvar for beredskapssamarbeidet som er medteke i "Interkommunalt utval for akutt forureining"

Lindås kommune får rett til å fastsette og innkrevje gebyr etter Brann-og eksplosjonsvernlova § 28. basert på godkjende budsjett og rekneskap i samsvar med Samarbeidsavtalen.

Vidaredelegasjon

Den mynde Lindås kommune har fått delegert frå Meland kommune kan Lindås kommune vidaredelegere i samsvar med Lindås kommune sitt delegasjonsreglement.

Isdalstø/Frekhaug , den

Rådmann i Lindås

Rådmann i Meland